



## Fråsegn.

Vi har alle erfart korleis borna si evne til konsentrasjon stadig blir kortare.

- Blir borna så proppa med musikk og lyd til dagleg, at evna til lytting er svekka? -
- Kan musikkfaget og norskfaget fange borna si interesse? -
- Er det mogeleg å få borna til å lytte igjen? -
- Eller skal vi la TV og data overta?

?

Tenk: - Dersom du hadde valet mellom å undervise i eit av dei to faga Norsk og Musikk, - kva ville valet bli?  
- Kvifor?

Eit av dei mange svara kan vere, at MUSIKK er eit praktisk fag, og teorien bak musikken er ganske kjedelig dersom den ikkje kan settast inn i ein musikalsk (praktisk) samanheng.

Musikkpedagogikk er vel kanskje noko av det mest konservative som finst, - dei ferraste går eit steg utanfor den opptrakka stien, men så er det naturlegvis trygt å gå i gamle opptrakka spor!  
Ein forskar nøyer seg aldri med å gå der andre har gått før. Nye oppdagingar er helst å finne utanfor allfarvei, og **Andras Hidas** sitt prosjekt, som både går på musikk og språk, er nettopp ei slik nyoppdaging som eg trur kan bli svært positivt og lærerikt for dei som blir med på dette **banebrytande prosjektet!**

Mitt fyrste møte med Andras Hidas i november-94, skapte ei positiv spenning og forventning som eg aldri gløymer. Resultat vart at han blei invitert til Herøy som kurshaldar på den interkommunale kursdagen 3. jan. 1995. som samla vel 40 musikk lærarar frå heile distriktet vårt til improvisasjonskurs. (sjå vedl. referat frå musikkfokus.)  
Hidas skuffa ikkje kursdeltakarane som De kan sjå, og dei positive forventningane til utviklingsprosjektet "**Om å lære barn å lytte og å finne glede i språk og musikk**" er om mogeleg ennå større!

Skal vi kome mønsterplanen i møte i musikkfaget, med mellom anna å "**Utløysa og kultivera skapande krefter**" (side 252) - er det svært nærliggande å sjå det i samband med Andras Hidas sitt interessante prosjekt!  
Språk og musikk har mange fellestrekk, tenk berre på melodisk tonefall - rytme - betoning - stemningar mm.  
Kan vi få borna til å lytte - til musikk, - språk, - dialekter, og ta dette bruk mest som leik leik, er eg overtydd om at dette er med på å utløysa og kultivera skapande krefter! - Og pedagogen i oss, er vel så mykje forskar at han kribler etter å utløysa litt skapande krefter i seg sjølv også?

Det er snakk om å ta borna på alvor - gripe fatt i deira eige språk - kjensler og fantasi.  
Eg oppmodar alle om å gjere seg godt kjend med prosjektuttreinga,  
og torer å påstå at dette vil bli spennende å ta fatt på!

**Lukke til!**

Herøy musikk skule 31.mai 1995.

Med helsing *Robert Skeide*

Musikk skulerektor